



Møtedeltakarane

Saksnr	Lopenr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref
19/1663-6	37954/19	035 A	OPP/ORSK/SKJ1152	0

REFERAT 02.12.2019 - DRIFTSSTYRE - ORRE SKULE

Til stades

Bjørn Kverneland,
Arne Petter Mossige,
Lillian Skarding,

Ikkje møtt/forfall	Bernt Thomas Falkum Elisabeth Sandvær Marthinussen Sikke Rettedal Hognestad Jette Margith Evaliina Bjorlandhsalte
--------------------	--

Kopi til	Jan Harald Forsmo, Sissel J. Johannessen,
----------	--

Møtestad og tid	Meir læring for alle, 02.12.2019 18-19.30
-----------------	---

Godkjenning innkalling og referat

Det var stort forfall denne gongen. Det er viktig at ein gir beskjed viss ein ikkje kan møte.
Til referatet: sidan sist har leiar i driftsstyret, Bjørn Kverneland, samtala med fleire om det er mogleg å få til ei felles avslutning til jul for skulen og idrettslaget. Skulen stiller seg positiv til dette. Det er viktig at dette blir eit gratis arrangement, og at ein startar planlegginga av dette allereie til våren. Dette må mellom anna leggjast inn i lærarane sine arbeidstidsavtale for neste skuleår.

Informasjon frå skule/SFO.

Det er lyst ut to stillingar ved skulen, ei på 100% og ei på 50%. Assisterande rektor har sagt opp, og ein lærar skal ut i farspermisjon. Det har kome 5 søknadar, og skulen er i gang med intervjuar. Det er venta ei snarleg avklaring. Skulen gjer ei omorganisering; framfor å tilsetje ein ny assisterande rektor vil avdelingsleiar få ei større administrativ stilling ved skulen. Skulen vil ha teamleiarar og ein koordinator i spes.ped.

Informasjon frå FAU

Bruken av læringsbrett har vore diskutert i FAU, og leiar for FAU og rektor skal i lag utarbeide retningslinjer for korleis ein ønsker at læringsbrett skal nytta. Framsnakking av skule og foreldreengasjement har også vore tema. Korleis kan ein klare å skape eit større oppmøte ved ulike arrangement ved skulen? Dette vil vere eit tema framover.



Nokre lærarar opplever å få ubehagelege meldingar frå føresette. Det har også vore situasjonar der lærarar har blitt kontakta på arrangement på fritida på ein ubehagelig/krenkande måte. Driftstyret meiner det må vere nulltoleranse for slikt. Det er viktig at føresette tar kontakt med skulen viss dei ikkje er nøgde. Det er viktig at denne kontakta er respektfull, alle tilsette på skulen skal bli behandla med respekt.

Informasjon frå tilsette. Dei tilsette opplever god stemning i personalet. Det har vore ein litt travel haust, der nokre har opplevd skule-heim samarbeidet som krevjande.

Elevundersøkinga. Resultatet viser ein liten, men positiv framgang. Dette gjeld særleg dei områda skulen har hatt fokus på. Ein ser at det er stor skilnad på kjønna; jentene er jamt over meir positive enn gutane. Denne skilnaden blir større jo eldre elevane blir. Positive tall på mobbing. Leiinga ved skulen skal i lag med elevrådet sjå på resultata på nyåret. Resultata skal også leggjast fram og diskuterast i klassane. Etter dette tar leiinga kontakt med driftstyret for å planleggja ein ettermiddag der elevar, lærarar og føresette ser på tiltak i lag.

Foreldreundersøkinga. Det er litt lav svarposent. Driftstyret ønsker at ein går tilbake til ordninga frå i fjor, der ein leggjar til rette for at føresette kan svare på foreldreundersøkinga i samband med utviklingssamtalane. Driftstyret skal sjå på spørsmåla saman i forkant av undersøkinga neste år. Ein ønsker færre spørsmål, og at spørsmåla er rette inn mot utviklingsområda til skulen.

Klepp kommune, 02.12.2019

Stine Karen Kjellås
Referent